

Støttar kulturlivet i Gudbrandsdalen

Dei som driv kulturaktivitetar med tilknytning til Gudbrandsdalen bør merkje seg datoen 1. september. Da går fristen ut for første runde til å søke om støtte frå G-Kultur. Dette er ei stifting som vart oppretta etter vedtaket i 2013 om å legge ned Gudbrandsdalslaget i Oslo.

Midlane frå laget skal brukast til å gje økonomisk stønad til kulturaktivitetar og kulturverksemd med tilknytning til Gudbrandsdalen.

- Stønad blir gjevne både til amatørar og profesjonelle innan skapande og utøvande verksemd. Det blir teke ekstra omsyn til aktivitetar og prosjekt som har barn og unge som utøvarar eller målgrupper, seier leiar for G-Kultur, Knut Hovslien.

Det blir to årlege søknadsfrister, 1. februar og 1. september. Stønadsbeløp og kor mange prosjekt som årleg får stønad, vil variere. Det skal nyttast eige søknadsskjema, som finst på stiftinga si heimeside.

Lagshistorie

Styret i G-Kultur er glade for at Gudbrandsdalslaget si lange historie nå blir skrive ned. Forfattar og journalist Magnhild Bruheim har teke på seg denne oppgåva. Ho er i gang med arbeidet. Avtala er at resultatet skal bli eit skrift, samt artiklar i Årbok for Gudbrandsdalen.

- Mange tusen dølar har vore innom Gudbrandalslaget i Oslo, så dette er godt stoff for årboka, meiner redaktør Geir Beitrusten.

Opplandsarkivet

Lagsarkivet, foto, fana, gjenstander og anna frå Gudbrandsdalslaget er plassert på Opplandsarkivet avdeling Maihaugen. Arkivleiar Marit Hosar opplyser at arkivet er ferdig ordna og tilgjengeleg for dei som ønskjer innsyn.

- Har nokon materiale, foto eller historier å fortelje frå livet i Gudbrandsdalslaget, så ta gjerne kontakt, oppmodar Hosar.

G-Kultur har nyleg oppretta eige heimeside, med adresse: **www.g-kultur.no**. Stiftinga kan også nåast gjennom Facebook.

Kontakt for meir informasjon:

Knut Hovslien, leiar

knut.hovslien@online.no; 9719 5148

Kjell Austin, nestleiar/sekretær

kaustin@online.no; 4150 9460